

# Interpellasjon: Hundepark i sentrum

Det er eit stort ønske om å få hundepark eller friområde for hund i Hareid. Kommunen har ved fleire høve fått konkrete førespurnadar om å opprette hundepark – utan at det har skjedd noko.

Mellom anna kom det eit innbyggjarforslag i 2019 om å opprette hundepark i Geilane. Då kommunestyret handsama innbyggjarforslaget, vedtok dei følgande:

*«Hareid kommunestyre er positive til innbyggjarframlegget frå Runa Mork om hundepark, og bed administrasjonen greie ut ei sak om eit eigna areal for hundepark i kommunen som ikkje er i konflikt med bustad-, natur- eller friluftsområde.»*

Så langt eg kan sjå er ikkje dette vedtaket følgt opp.

Ein hundepark er eit eigna friområde der hundar kan bevege seg fritt og sosialisera med andre hundar. Slike friområde for hundar kjem i ulike storleikar og variantar, nokre er inngjerda, andre ikkje.

Eg ønsker å få vurdert om den gamle, inngjerda leikeplassen vi har ved parken (ovanfor rådhuset) i Hareid sentrum kan nyttast til dette føremålet. Slik leikeplassen er i dag er den ubrukeleg og ikkje spesielt fin å sjå til. Den har rustne, falleferdige og øydelagde leikeapparat med «varseltape» hengande rundt. Gjerda er der, og dei rustne leikeapparata må uansett fjernast. På noverande tidspunkt er det ikkje heilt klart korleis vi skal forvalte parken og området, så hundeparken kan vere ei mellombels bruk av arealet fram til vi konkluderer.

Kostnadane med å opprusting av dette området til hundepark vil vere små. Den største utgifta vil vere å fjerne dei gamle leikeapparata, men den kostnaden vil kommunen få uavhengig av kva arealet skal nyttast til i framtida.

Eg meiner derfor at vi med enkle grep kan gjere dette til ein eigna plass som hundepark inntil vidare. Ein liten park vil vere betre enn ingen park.

«Drift» av parken kan vi leggje på hundeeigarane. Det bør vere deira ansvar å halde parken rein og fin. Dei kan også gjennom dugnadsarbeid eventuelt utvide tilbodet i parken med eventuelle apparat til hundeløype eller liknande.

For å sikre at naboar ikkje blir plagga av støy på kveldstid, kan parken blir skilta med at den er stengd etter klokka 21.

Det er bandtvang i heile landet i nesten fem månader av året. Det er derfor forståeleg at det er eit ønske blant hundeeigarar å ha ein slik boltreplass til hundane sine. Dette vil vere eit godt trivselstiltak for både hundeeigarar og hundar.

Framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret ber kommunedirektøren om å greie ut om leikeplassen ved rådhuset mellombels kan omgjera til hundepark.
2. Kommunestyret ber om at dette arbeidet blir prioritert slik at området eventuelt kan nyttast som hundepark allereie i sommar.